

Til

Elevar på VG2 HO/HS og deira føresette

Vår ref: Jessie Strand Fagervoll

Vår dato: 09.07.2019

Velkomen til skoleåret 2019 - 2020 og til vidaregåande opplæring!

Det er ei stor glede å få ønske deg velkomen til eit nytt skoleår og til vidaregåande opplæring på Borgund vidaregåande skole. Vi vil legge til rette for at du skal få eit godt skoleår!

Oppmøte:

Skoleåret startar måndag den 19.august kl 1200. Oppmøte i Borgundhallen. Sjå s. 6 i [Elevhandboka](#)
->lenke høgre marg.

Elevhandboka inneheld mykje viktig informasjon som du og foreldra dine må lese. Der finn du bl.a. skolen sitt ordensreglement, kriterium for vurdering/karaktersetting og mange praktiske opplysningar. Elevhandboka blir også delt ut ved skolestart.

Læremiddel- og utstyrslistene finn du [her](#)

Merk deg at bærbar PC må vere klar til skolestart.

Dersom det vert brukt materiell til å lage noko du får til privat bruk, vert det fakturert i november og april.

Har du rett på skoleskyss? Sjå og søk her:

<http://mrfylke.no/Tenestekomraade/Utdanning/Elev/Skoleskyss>.

Borgund vgs utdannar stolte fagfolk!

Velkomen til fagutdanning for framtida!

Med vennleg helsing
Jessie Strand Fagervoll
rektor
sign